

## DÅP I MØRE

### EIT HEFTE TIL INSPIRASJON



Dåpsfatet i Volsdalen kyrkje. Foto: Oddgeir Nossen

«Vi vert ikkje elska av Gud av di vi er vakre.  
Vi vert vakre av di Gud elskar oss!»



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømeråd

### Kjære kyrkjelege medarbeidar!

Vi døyper av di Jesus sa at vi skulle gjere det!

Det har gått om lag to tusen år sidan Jesus gav den store oppgåva til dei som fylgte han. **Gå ut, gjer læresveinar, døyp og lær!** I dåpen tek Gud imot oss som sine born. Vi vert ein del av Gud si verdsvide kyrkje. Dåpsvatnet er ei nådens kjelde, der Gud tilgjev oss vår synd, frelsar oss frå dødens makt og gjev oss lovnad om det evige livet.

Fleirtalet som bur i Noreg er medlemer i Den norske kyrkja, og dei fleste av desse vel framleis dåp. Framleis ynskjer foreldre å gje vidare det godet dei sjølve har fått: Gleda og tryggleiken det gjev at borna i dåpen vert teke imot av Gud, og der vert sameina med den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus.

Nyare forsking syner likevel at mange i dag ikkje tek dette valet for sine born. Den prosentvise nedgangen i dåp i heile landet er tydeleg. Dette ser vi også i Møre. Årsakene kan vere mange.

**Med venleg helsing frå arbeidsgruppa for «Dåpsprosjekt Møre».**

*Asbjørg Oksavik Sve, diakon og kyrkjelydspedagog i Skodje, Ørskog og Stordal sokn*

*Magne Furuseth, sokneprest i Bolsøy og Sekken sokn*

*Ragnhild Fuglset, sokneprest i Eide sokn*

*Randi Marie Solbakken, sekretær i Molde kirkelige fellesråd*

*Anne Marie Sødal, kateket i Fræna*

*Bente Wangensteen, undervisningsrådgjevar for biskopen i Møre*

*Svend Klemmetsby, prost i Nordre Sunnmøre prosti*

*Ingeborg Matre, prost i Søre Sunnmøre prosti*

Vi som kyrkje må ta vekk dei hindringane vi kan for at foreldre skal ynskje å bere barnet sitt til dåpen. Vi må lage gode rammer for dåpen som ein festdag og merkedag for familien og det einskilde menneskeliv. Dåp er viktig!

I heftet «Dåp i Møre», ynskjer vi å gje kyrkjelydane og alle kyrkjelege medarbeidrarar eit handslag i dette arbeidet. Her finn du tips og råd vi vonar kan vere til nytte og glede.

Framleis er oppgåva for oss som kyrkje den same: Døyp og lær! Dåpen er vegen inn i den kristne fellesskapen, inn til Guds kyrkje. Dåpen er òg ein «inngangsbillett» til den trusopplæringa kyrkja no gjev til alle døypte medlemer, frå 0 – 18 år. Dåpen gjev oss ei fullmakt til å invitere desse borna med på dei ulike trusopplæringstiltaka i kyrkjelyden.

Gud velsigne dykk alle i det viktige arbeidet de gjer!



**Frå Bibelen:****Matteus 28, 18-20**

*Då steig Jesus fram og tala til dei: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»*

**Frå liturgien:****Ordnning for dåp, 2017**

*«..... etter vår Herre Jesu Kristi ord og bod døyper eg deg til namnet åt Faderen, og Sonen og Den Heilage Ande.»*

*Medan dette blir sagt, auser presten med handa rikeleg med vatn tre gonger over hovudet til den som vert døypt.*

Det største med å få jobbe i kyrkja, tenkjer eg er å formidle til eit medmenneske; du er uendeleg verdifull. Du er dyrebar for Gud og høgt elskar. Dåpen vitnar tydeleg om det.

Alle dei nyare dåpssalmene lét oss synge om Guds kjærleik. «Nå er livet godt begynt, Kristi kjærighet forkynt.», «Du har kledd meg i din kjærleik og til fred i Jesu namn.», «Barnet får del i Guds rike, svøpt i hans kjærighet.», «Ved ditt verk, ved Kjærighetens vilje, er vi født på ny til liv i Kristus.»

Vi har dei siste åra fått ny dåpsliturgi to gongar. Bibeltekstane som vert brukte har heile tida vore dei same, men vi har bytta om på rekkjefylgia i det som vert gjort og sagt for verkeleg å understreke dåpens store under: Den nye fødsel. Like passivt som vi vert fødde inn i det fysiske livet, like passivt blir vi gjevne det nye livet. I dåpen er det Gud sjølv som grip inn i våre liv.

Dåpsorda formulerar at det som skjer i dåpen er ei gåve frå Gud. Gåva er at Jesu død og oppstode vert gyldig for oss. Vi verken skal eller kan gjere oss fortente til den – uansett kor lenge vi strevar. Gåva vert gjeven til oss utan forbehold. Ordet vi brukar er «nåde». Det tyder «gratis» eller «for berre takk».

Då eg var barn, stod det i dåpsliturgiane at vi ved dåpen vart innpoda i Kristus. Det er eit fint bilde på kor tett og livgjevande fellesskapet med Gud er, som han set oss inn i. Gud tek oss inn til seg og gjev oss alt vi treng for at vi kan leve og vekse i den kristne trua.

I dåpen gjev Gud oss seg sjølv. Det finst inga større gåve. Det finst inga anna gåve som aldri kan takast fra oss.

Lukke til i tenesta med å formidle Guds uendelege kjærleik!

Biskop Ingeborg



Inga, 69 år, fast  
kyrkjegjengar:  
« Kvar dåp er ein  
fest!»

## Mandat for prosjektgruppa

Møre Bispedømeråd våren 2015

**Hovudoppgåve:** Arbeide for auka oppslutning om dåp og auka bevistgjering om dåpens plass og betydning mellom tilsette og medlemer:

- Samle tilgjengeleg og relevant informasjon og kunnskap om dåp og utvikling av dåpsstatistikk i Møre.
- Kome med praktiske forslag til konkrete tiltak for å auke oppslutninga om dåp i Møre – utvikle tiltaksplan
- Tiltaka skal omfatte begge arbeidsgjevarlinjer.
- Gruppa skal kome med forslag innanfor områda:
  - o Informasjon/kommunikasjon
  - o Tilgjenge for dåp
  - o Møter med dåpsfamiliar
    - Fokus på dåpsteologi og praksis i møte med dåpsfamiliar
  - o Formidling av dåpen sitt innhald
  - o Dåpsgudsteneste/liturgi
- Hente fram og vidareformidle gode erfaringar frå ulike kyrkjelydar.
- Prosjektgruppa rapporterer til leiargruppa i Møre bispedøme og bispedømerådet.

«Eg har fått all makt i himmelen og på jorden. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halde alt det eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står». Matt. 28, 18–20

«Jeg vil la meg døpe fordi jeg oppfatter meg selv som kristen, men jeg har ikke blitt døpt som barn.»

«Dei bar småborn til Jesus for at han skulle røra ved dei, men læresveinane viste dei bort. Då Jesus såg det, vart han sint og sa til dei: «Lat småborna kome til meg, og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til. Sanneleg, eg seier dykk: Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.» Så tok han dei inn til seg, la hendene på dei og velsigna dei.» Markus 10,13–16

## Kva er dåp?

**Heilag handling – Livgjevande – Reinsande – Guds «ja» – Omsorg – Nåde**

I dåpen mottek den døypte Den Heilage Ande, vi får ein ny relasjon til Kristus og får del i eit stort truande fellesskap lokalt og i den verdsvide kyrkje. Dåpen gjev medlemskap i kyrkja og tilhørsle til Guds rike. Den døypte har fått alt!

Majoriteten av dei som vert døypte i Den norske kyrkje er born og, saman med alle døypte, styrker og berikar dei kyrkjelyden med sine nådegåver, si tru og tilbeding som fullverdige medlemer. Tru forutset ikkje kunnskap, men kunnskap kan forsterke trua. I nåde tek Gud imot oss, ufortent og uavhengig av gjerningar og intellektuelt nivå, og vi får del i Guds frelse. Slik heng tru, kunnskap og dåp saman og difor driv kyrkja trusopplæring, som i form og innhald vert tilpassa alder og funksjonsnivå.

I dåpen feirar vi livet, livet som skapt av Gud og livet som er gjeve oss gjennom Jesu død og oppstode. Dåpshandlinga med ordet og vatnet, er dermed ei rituell stadfesting på vår fysiske og vår «åndelige» fødsel og eit synleg teikn på Guds lovnadar og ein usynleg røyndom som strekkjer seg utover det jordiske livet. Ei heilag handling – eit sakrament gjeve i gave frå Gud.

Ved Den Heilage Ande og trua si gavet vert vi gjenfødde, frigjorde og levandegjorde til eit trusfellesskap knytt til Kristus, lokalt og globalt. Det handlar om Guds nåde og Guds lovnad. Vi vert inviterte til liv saman med Kristus.

Men det vart openberra kor god vår Gud og frelsar er, og kor han elskar menneska:

Han frelste oss, ikke fordi vi hadde gjort rettferdige gjerningar, men fordi han er miskunnsam.

Han frelste oss ved badet som gjenføder og fornyar ved Den heilage ande, som han så rikeleg har aust ut over oss ved Jesus Kristus, vår frelsar, så vi skulle bli rettferdige ved hans nåde og bli arvingar til det evige livet, som er vår von.

*[Titus' brev](#) kapittel 3, vers 4 til 7*

**Når et barn blir båret til dåp,  
blir vi minnet om at ingen  
kan bære seg selv.**



DEN NORSKE KIRKE

# Dåpsstatistikk

Tala fortel om situasjonen i Møre og er viktig for dåpsarbeidet i kyrkjelydane.

Dåpstal for Møre bispedøme 2006-2016	2006	2011	2015	2016	2017	Endring % 2006-2016	Endring %	Endring %	Endring %	Endring %
							2006- 2011	2011- 2016	2015- 2016	2016- 2017
							årleg gj sn	årleg gj sn	årleg gj sn	årleg gj sn
Dåphandlinger	2688	2585	2175	2069	2067	-23	-0,8	-4	-4,9	-0,1
% busett i soknet	66,7	66,8	66	64,3						
Fødslar	2636	2883	2789	2737		3,8	1,9	-1	-1,9	
Kyrkjemedlemer	219292	215022	212177	210422		-4	-0,4	-0,4	-0,8	

Tabellen syner ein nedgang på 23% i talet på dåp dei siste 10 åra fram til 2016 med ein forsterka tendens dei siste 5 åra. Men det er gledeleg at nedgangen ser ut til å har stoppa frå 2016 til 2017!

Jamsteller ein talet på fødslar opp imot utviklinga i medlemstalet, ser ein at nedgangen ikkje åleine skuldast sjeldnare dåp. Lågare fødselstal i slutten av perioden bidrar noko til tala. Noko av nedgangen i Møre (antakelig max 0,5% på slutten av perioden) kan og skuldast dåp i kristne forsamlingar der dåpen ikkje har blitt registrert i Den norske kyrkja.

Kilder: Nøkkeltall for kirkelig inndeling, <http://www.nsd.uib.no/data/kirke/>. «KommuneProfilen» <http://www.kommuneprofilen.no/>. Møre bispedøme sin årsrapport (<https://kirken.no/nn-NO/bispedommer/more/bispedomeradet/arsrapportar/>)



## Kvifor vél ein dåp?

1. Fin tradisjon (88,2%)
2. Vanleg i vår familie (73,7%)
3. Lettare for barnet å velje sjølv seinare (69%)
4. Ynskjer vakker høgtidsdag (66,1%)
5. Ynskjer fadrar (53,1%)
6. Borna vert ein del av kyrkja (50,7%)
7. Mi kristne tru (39,8%)
8. Verte Guds barn (37,3%)
9. Borna vekse opp som kristne (37%)
10. Dåpen gjev Guds vern (26,5%)
11. Press frå familie/ektefelle (11%)

Kjelde KIFOs Tros og livssynsundersøkelse (TLU) frå 2012. Her henta frå Høeg og Gresaker 2015.

Som ein del av arbeidet med DÅP I MØRE sende arbeidsgruppa ut eit Spørjeskjema til alle kyrkjelydane i Møre. Her kjem ei oppsummering av svara.

## 1. Kva fungerer best?

Dåppsamtalet:

- I kyrkja med både prest og trusopplæringsarbeidar til stades
- I heimen, der det også er tid til samtale om «vanlege» ting
- Gjere familiene trygge på dåpen, kva som skal skje
- Gje plass til å snakke om det som er utfordrande med kyrkjeliv og familieliv

I gudstenesta:

- Involvering med tekstlesing, bere dåpskanne, tenne dåpslys i globen. Viktig at dette er frivillig
- Dåpsbilete
- Dåpsvert!
- Nattverd med intinksjon i gudstenester med dåp
- Synge «må Gud velsigne deg» (N13 638) til dåpsborna rett etter dåpen
- «Sjå» dåpsfamiliene, la dei kjenne seg trygge
- «Familiegudstenester»
- Kyrkjekaffi i midtgangen rett etter gudstenesta – gjer det lett å slå av ein prat også for dei i dåpsfylgjet

Oppfølgjing:

- Babysong
- Gåve på dåpsdagar – nokre går på besøk
- Invitasjon til trusopplæring for alle frå 0 til 18 år

Alle ynskjer vi å gjere gudsteneste med dåp til ei god oppleving både for dåpsfamiliene og resten av kyrkjelyden.

## 2. Kva gjer de for å få dette til?

- **Presten tek direkte kontakt** med dåpsforeldre pr. telefon før dåpen  
Sender info pr. e-post
- **Dåppsamtale i god tid** før dåpen – gjer dei trygge!
- Viktig med **god informasjon**, utskrift av dåpsliturgien, dåpssalmen, førebur her dei ulike oppgåvene dei skal involverast i, fotografering, at barnet skal lyftast opp etter dåpen
- **Dåppsamtale i kyrkja**. Døypefonten sentral, rituale: tenner eit lys frå lyset på altaret, bøn og tenner lys for barnet i globen og syng ei kveldsbøn til slutt. Inviterer til babysong. Prest og/eller trusopplærar.
- **Dåppsamtale i heimen** (investering i trusopplæringa for dei neste 18 åra). Informere og motivere til trusopplæringstiltak og å ta med borna til kyrkja.

- **Dåpssamling** for foreldra ein torsdag før dåpen
- **Bruke symbol og kunstuttrykk** i dåpssamtalen:  
Michelangelo sitt biletet av Guds hjarte.
- Ei boks med innhald som presenterer dåpen, dåpsgåver. Tripp trapp.
- **Tilrettelagde gudstenester** med dåp, t.d. barnevenleg preike, barnevenleg opplegg (Sprell levande gudstenester).
- **Vi involverer dåpsfamiliane:**  
Prosesjon, bere dåpsvatnet og evt. lys, tekstlesing, dåpslystning, salmeval, sysken tørker hovud, song og musikkinnslag. Involvere dåpsfamiliane i preika.
- **Dåpsvert** som fylgjer dåpsfylget før og under gudstenesta
- **Reservere benkar**, legge liturgiark og salmebøker i benkane
- **Leikekrok**
- Nokre har søndagsskule i gudstenestetida (t.d. frå preika og ut)
- **Invitere til fridom i gudstenesta**  
(kan vandre rundt/ut med barnet om det er behov)



*Michelangelos bilde Adams Skapelse.* Et bilde som er godt å kunne ta utgangspunkt i dåpssamtalen

Utdrag av artikkelen

### «Dåpssamtalen er en brobygger»

En dåpssamtale bør kjennes trygt og godt for foreldrene, og de skal slippe å kjenne prestasjonsangst, anbefaler sokneprest Eva Marie Jansvik.

Dåpssamtalen er så viktig fordi den er en brobygger mellom familien og kirken. Møtet med kirken skal oppleves som trygt og godt, og man bør få en tydelig og varm invitasjon til å bli en del av menighetsfellesskapet. Vi ønsker jo å se dåpsbarna og familien igjen! Dåpen er en gave!


...Ikke kristen "nok". På flere bloggforum uttrykker nybakte foreldre bekymring for om de ikke er kristne "nok". Mange dørper barna sine fordi de selv er døpt og fordi det er en fin tradisjon. Mange kjenner på nervøsitet før en slik samtale. Det kan kjennes formelt å treffe presten.



Sokneprest i Mandal Eva Marie Jansvik.

Les hele artikkelen:

<https://www.ressursbanken.no/wp-content/uploads/2014/07/Dåpssamtalen-er-en-brobygger-1.pdf>




## Til arbeid i kyrkjelyden.

### Kontakten med dåpsfamilien

**Til samtale i kyrkjelyden:** Korleis er familien sitt møte med kyrkjelyden, steg for steg? Snakk igjennom prosessen frå brev i posten til telefonsamtale eller nettkontakt, dåpssamtale, det å kome i kyrkja og tida etterpå. Sjå på informasjon som kyrkjelyden gjev om dåpen på nettsider, brosjyrer eller anna.

- Er informasjonen heilskapleg og lett å forstå?
- Treff den ulike grupper av dåpsforeldre?
- Får familien eit positivt møte med kyrkja gjennom heile prosessen?
- Har dåpssamtalen eit sjelesyrgjerisk perspektiv?
- Formidlar vi at dåpen er for alle, og alle aldersgrupper?
- Korleis legg vi til rette m.o.t ulike livssituasjonar hos dåpsfamilien?
- Kan vi bidra med praktisk hjelp som til dømes utlån av dåpskjole, hjelp med dåpslokale og dåpsfest til dei som treng det?



### Dåpsgudstenesta

**Samtale i kyrkjelydane:** Korleis opplever dåpsfamilien og resten av kyrkjelyden gudstenester med dåp?

- Vert dåpsgudstenesta opplevd som **personleg og nær**?
- Kva kan vi gjere for at gudstenesta kan vere eit høgdepunkt både for familien og kyrkjelyden?
- Er lokala for dåpsfylgjet **hensiktsmessig tilrettelagt**?
- Får familiene **god nok informasjon** om korleis dåpen føregår praktisk?
- **Kven tek imot** dåpsfamilien(e) når dei kjem?
- Er det  **gode rutiner** for at dåpsfylgjet får salmebøker og liturgiark i benken?
- Korleis legg de opp nattverden når det er dåp?
- **Korleis kan heile kyrkjelyden involverast** i det å sjå og ta i mot nye medlemer?
- Har de avgrensing på talet på dåp i gudstenester knytt til trusopplæringstiltak?
- Gjer de spesielle vurderingar når det gjeld salmeval i gudstenester med dåp?



### Dåpen som utgangspunkt for trusopplæring i heimen og deltaking i trusopplæringstiltak

**Til samtale i kyrkjelyden:** Aktiv trusopplæring i heimen har mykje å seie for om ein vél dåp for eigne born. Korleis kan vi hjelpe familiene og borna til å snakke om, og praktisere tru heime?

- Kven skal vere med på dåpssamtalen?
- Får familiene god informasjon om kyrkjelyden sine trusopplæringstiltak i dåpssamtalen?
- Korleis kan kyrkjelyden hjelpe familiene med trusopplæring i heimen, i kvardagen?

## Dåpen i trusopplæringa

*Til samtale i kyrkjelydane:* Når i trusopplæringa lærer borna om dåpen? Kva lærer dei? Lærer foreldra noko om dåpen gjennom borna si trusopplæring?

## Fadrane

*Til samtale i kyrkjelydane:* Korleis kan vi hjelpe fadrane med å fortelje borna om dåpen og trua? Kan det å ha vore fadder inspirere til å velje dåp for eigne born, og korleis kan i så fall dette skje?

## Oppfylgjing av «tilhøyrande» - ikkje døypte born av døypte foreldre

*Til samtale i kyrkjelydane:* Korleis kan vi fylgje opp familiar som er medlemer og som kanskje ynskjer dåp, men som ikkje har døypt borna sine? Snakkar vi berre om dåp av babyar, eller snakkar vi også om dåp av større born?

- Korleis kan kyrkjelyden legge til rette for dåp av større born og for vaksne?
- Kva illustrasjonar brukar de i informasjonsmateriell om dåpen, i brosjyrer, på internett, i brev etc.?

## Forslag til fadderbøn:

Bøna er skriven i eintal hokjønn. Her må det tilpassast slik det passar ho/ han eller dei. Dette gjeld også i innleiinga ved eit eller fleire dåpsborn  
(Her kan fadrar/medliturg lese versa)

**Kjære .....** (namnet til dåpsbarnet/ dåpsborna)  
Vi som er saman med deg i dag, vi ynskjer for deg:  
Må du alltid ha nokon å leike med og å dele latter og glede med.  
Må du alltid ha nokon å snakke eller teie saman med,  
ei skulder eller ein famn der du kan søkje ly når det blæs.  
Vi ynskjer oss, at vi kan få lov til å vere ein del av ditt liv.  
Takk for at du er til.

-----

**Gud,** vår gode far!  
Vi takkar deg for ..... (namnet/ namna til dåpsbarnet/borna)  
Vi ynskjer å vere der for ho og elske ho uansett kva som skjer.  
Vi bed deg, ver med oss,  
Hjelp oss til å vere gode foreldre og fadrar.

**Gud,** velsign dette barnet,  
bevar *henna* unge liv,

og velsign oss, slik at vi kan gje *ho* det *ho*ho kan kjenne kjærleik, tryggleik og fred. Og må *ho* oppleve et ømt møte med ditt nærver.

**Gud,** du som elskar oss,  
vi bed deg for ..... (namnet/ namna til dåpsbarnet/borna)  
må *ho* alltid kjenne din kjærleik  
må *ho* oppleve sine medmenneske sin kjærleik,  
må *ho* finne håp, sjølv om det kjem vanskelege tider,  
må *ho* alltid vere ein del av eit fellesskap der ein tek vare på kvarandre.

Hjelp oss til det, du som har **skapt** oss i kjærleik,  
du som har **frelst** oss med kjærleik,  
du som **er** kjærleiken iblant oss.

«Igjen tala Jesus til folket og sa: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys.» Joh.8,12





Foto: Privat

## «SJEKKLISTE»

### Til «hjelp» i arbeidet med dåp i kyrkjelyden

TEMA	Sett kryss		
	Dette gjer vi allereie	Dette vil vi ta til med	Dette vil vi ikke prioritere
<b>Kontakt med dåpsfamilien</b>			
Førstekontakt er viktig! Ver imøtekommende. Ta i mot alle med venlegheit og respekt.			
Sende ut brev til familien når barnet er fødd – med informasjon om dåp, men også gratulasjon og kanskje ei lita gave eller eit fint kort (eks. smekke frå IKO)			
Tilgjengeleg informasjon på helsestasjon og andre stadar der nybakte foreldre er			
Invitér gravide til samling om dåp og trusopplæring			
Babysang, invitér til dåp			
Formidle til alle tilsatte og frivillege at vi tek imot dåpsfamilien med eit smil og gratulerer dei med dagen			
Informasjonstavle i dåpssakristiet om dåp og trusopplæring			
Dåpsvert eller kyrkjevert som tek imot dåpsfamiliane			

TEMA	Sett kryss		
	Dette gjer vi allereie	Dette vil vi ta til med	Dette vil vi ikkje prioritere
<b>Dåpssamtalen</b>			
Presten som skal ha dåpen tek alltid kontakt med dåpsfamilien på førehand, også når dei har hatt dåpssamtale med ein annan prest			
Reflekter over kvar, når og korleis dåpssamtalen skal foregå. Er lokallet varmt nok? Er det pent og ryddig der?			
Praktisk tilrettelegging for t.d. bleieskift?			
Dele ut utskrift av dåpsliturgien			
Spyrje dåpsfamilien om nokon vil lese ein tekst. Velje dåpssalme? Anna involvering? (musikk, song)			
Gje god praktisk informasjon om korleis dåpen skal foregå. Understrekke at familiane kan føle seg fri til å gjere det barnet har behov for undervegs (til dømes gå rundt i kyrkja, gå ut ein tur)			
Ha tilgjengeleg leiker eller bøker som syskjen kan bruke under samtalens			
Materiell til utdeling til syskjen (til dømes boka «Sara og farmor»)			
Be for barnet i dåpssamtalen			



Verbum: [https://www.bibel.no/Verbum/Nettbokhandel/Barn\\_og\\_unge/Barn/Sara-og-farmor-er-i-barnedap](https://www.bibel.no/Verbum/Nettbokhandel/Barn_og_unge/Barn/Sara-og-farmor-er-i-barnedap)

TEMA	Sett kryss		
	Dette gjer vi allereie	Dette vil vi ta til med	Dette vil vi ikkje prioritere
Dåpsgudstenesta			
Dele ut eller ha tilgjengeleg forundringspose eller bøker til syskjen av dåpsborn, fargeleggingsark eller ei lita bok om dåp (eks. boka om Sara og farmor)			
Ha fokus på å sjå borna i alle gudstenester. Til dømes: Eiga barnepreike, søndagsskulesamling under preika, flytte barnekroken fram, fargeleggingsark med dagens tema.			
Dåpsvert som tek imot og tek seg av dåpsfylgjet			
Lag ein forseggjort "reservert- lapp» som familien kan ta med seg om dei vil.			
Trykkje barnets namn og/eller bilete på program eller skjerm			
La familien vere med og velje dåpssalme eller kveldsbøn/barnesong			
La familien velje ei forbøn som ein kan be for barnet t.d. fadderbøn			
Gje dåpsfylgjet høve til å delta ved å bere vatn, tenne lys, lese tekst, ta av lua, tørke barnets hovud, ta del i bøn eller bidra med songinnslag			
Tilretteleggje lokala for dåpsfylgjet for amming – god stol, stell, krok til dåpskjolen, gjerne tilgang på vatn og mikrobylgjeomn/vasskokar, bøker og leikar			
Eigen dåpstroll/ dåpssong med barnets namn eller synge ei kveldsbøn/velsigning for barnet			
Kyrkjekaffi der også dåpsfylgia vert oppfordra til å delta			
Bønevandring under nattverden			
«Dåpstre» eller liknande. Henge opp eit blad/ ein blom med namnet til kvart dåpsbarn – som vert hengande i kyrkja. Etter eit år kan dåpsfamilien inviterast tilbake til kyrkja for å hente sin blom/ sitt blad.			
Når skal blad/ blom/ bilet hengast opp? Av kven? Kvar skal dåpstree plasserast?			

TEMA	Sett kryss		
	Dette gjer vi allreie	Dette vil vi ta til med	Dette vil vi prioritere
<b>Dåpen som utgangspunkt for trusopplæring i heimen og deltaking i trusopplæringstiltak</b>			
Bruke dåpslys og oppfordre til at familien tenner dette på dåpsdagen			
Kyrkjelyden gjev helsing eller gâve på dåpsdagen (til dømes kan ein SMS innstillast i Medarbeideren)			
Få med dåpsklut eller dåpslysestake heim			
Heng opp ei dåpsdue, fisk, engel, hjarte eller blad på eit dåpstre eller liknande i kyrkja med namn og dåpsdato som dei får tilbake etter eit år			
Gje barnet ei skattekiste der dei gjennom trusopplæringa får små ting som dei kan bruke til å bønearmband, kross, hjarte, engel, bønekort			
Gje barnet eit bilet av kyrkja med dåpsdato og namn, ei kveldsbøn eller Vår Far – eller innramma dåpsattest			
Del ut eit bønekort i dåpssamtalen der namn på barnet og nærmeste familie er skrive inn			
Snakke om trusopplæring i dåpssamtalen: dele ut brosjyre, motivere til deltaking			
Dele ut bok/CD med bibelforteljingar eller songar no, eller til 1-2-3-åringar			
Gjenta ofte truspraksisar som kveldsbøn, bordbøn, teikne seg med krossteiknet i trusopplæringa			
Dele ut bok om dåp, minnebok frå dåp			

Fylt av glede over livets under,  
med et nyfødt barn i våre hender.  
Kommer vi til deg som gav oss livet.

Fylt av beven foran ukjent fremtid  
legger vi vårt barn i dine hender.  
Det som skjer i dåpen gir oss trygghet.


Og ved tidens grense lever fortsatt  
dine løftesord ved døpefonten.  
Dåpens lys forblir når livet slukner.

NoS 2013 no. 586 T; Svein Ellingsen, M; Egil Hovland

Kristian, 14 år, konfirmant:  
«Det kjekkaste i kyrkja er når  
det er dåp!»

TEMA	Sett kryss		
	Dette gjer vi allereie	Dette vil vi ta til med	Dette vil vi ikkje prioritere
Dåpen i trusopplæringa			
Dåpspåminning i konfirmasjonstida. Snakk med konfirmantane om kva dei tenker når det gjeld å døype eigne born			
Feiring av til dømes 10 års dåpsdag			
Dåppssamling for dei minste der ein leikar dåp (saman med foreldre). Dåpsskule for 6 åringer.			
La born og ungdom få hjelpe til som ministrantar ved dåp			
Legge inn dåp som tema i fleire trusopplæringstiltak			

Fadrar			
Fadderhelsing / fadderbøn			
Dele ut gåve eller kort som fadrane får ansvar for å gje barnet på første (+ andre, tredje) dåpsdag (foreldre kan velje ein «gåvefadder»)			
Starte frivilleg registering av telefonnummer/e-post/adresse til fadrane slik at ein kan sende dei informasjon			
Oppfordre familiane til å invitere med fadrane på trusopplæringstiltak, gjerne også som frivillege			
Gje fadrane oppgåver i dåpsgudstenesta			



IKO; <https://iko.no/forlaget/hverdagsfortellinger/sverres-veslesyster-skal-døypast-ny>, <https://iko.no/forlaget/hverdagsfortellinger/sofie-fikk-ikke-sape-i-dapsvannet>

TEMA	Sett kryss		
	Dette gjer vi allereie	Dette vil vi ta til med	Dette vil vi ikkje prioritere
<b>Oppfylgjing av dei som ikkje er døypte</b>			
Invitére til dåp av større born og vaksne, ev. eigne, tilrettelagde gudstenester			
Vurdere moglegheit for «drop – in dåp»?			
Gå gjennom listene for 2- og 3-åringar og sjå kor mange som er tilhøyrande. Vurdere å sende ut brev med invitasjon til dåp.			
Sende ut invitasjon til trusopplæringstiltak til dei tilhøyrande dersom ein ikkje allereie gjer det. Ta med informasjon om dåp i breva. Ta med informasjon om kvifor de sender dette brevet, og om kvar de har henta opplysningar. Forklar gjerne omgrepet «tilhøyrande».			
Syrg for at det ikkje står aldersbestemmelse på dåp i trusopplæringsbrosjyre eller anna materiell			
Bruk også biletar av større barn/vaksne som vert døypte i informasjonsmateriell/på nettside			
Bruk nettsider, kyrkjelydsblad m.m. aktivt for å invitère til dåp, også for større born og vaksne.			
Ikkje gløym innvandrarar og flyktningar. Kva gjer de m.o.t. opplæring og dåp?			



Foto:Sveinung Bråthen



Foto: Rune Kongsro

**Ressursar –** eit lite utval.

**Ressursbanken:**

- Om dåp. <https://www.ressursbanken.no/ressurser/dap/>
- Dåp av konfirmantar og vaksne. <https://www.ressursbanken.no/ressurser/dap-av-konfirmanter/>


**Ressursar FOKUS DÅP**

Dette heftet fokuserer på **kyrkjelyden sitt arbeid med den første fasen i trusopplæringa.**

- Korleis gje dåpsfamiliane eit godt møte med kyrkja før dåp, i melding om dåp og i dåpssamtalen?
- Korleis kan dåpshandlinga/-gudstenesta verte ei god oppleving for familien – og for dei andre som er tilstades?
- Korleis kan møtet med kyrkja i samband med dåp bidra positivt til oppfylging av dåpen? Korleis kan heile staben ha eigarskap til det at kyrkja døyper?

Heftet er sett saman av **seks artiklar som belyser tre faser ved dette arbeidet i ein lokal kyrkjelyd:**

- Like etter fødsel – invitasjon og mottaking
- Mellom fødsel og dåp – samtale og dåpsførebuing
- Hendelsen – dåpen i gudstenesta og i kyrkjelyden sitt liv



Dette heftet vil kunne vere **utgangspunkt for ein stabsdag**, for vekesvise studiesamver i staben, for soknerådet/menighetsrådet eller for **individuelt studium** blant kyrkjelyden sine tilsette og frivillede medarbeidarar.

**«Takk for i dag» - ein kveldsbøn app:**

Ein söt og morosam app som lærer born og vaksne om kveldsbønog dåp.

Aktivitetane passar for born frå 2-6 år. Appen er utgjeven av forlaget

Skrifthuset



**IKO forlaget** – Dåpsklubben Tripp Trapp  
<https://iko.no/tripp-trapp>



## Eigne notat



## Eigne notat





Foto: Arnold Hoddevik

*Vi søker og ser etter veia å vandre,  
vi drømme og ber om eit hus for kvarandre  
Der døra e' høy, og porten e' vid.  
Og husfaren si' «kom hit, kom hit»!*

*Vi vil oss et bygg med hjerte og hode  
som huser det sanne, det glade og gode,  
men også gir plass og lar lysene brenne  
for dem som det vonde og onde får kjenne.*

*Vi kommer som spurv og svaler til rede  
med titusen sanger om sorg og om glede,  
og mottar velsignelsen inn under hud,  
 forbundet med livet, forbundet med Gud.*

*(Ola Bremnes)*